

Referat frå FAU-Møte -Bjerkreim Skule

09 november Klokka 19:00

Til stades: Tonje Slettebø (1. og 3.trinn), Henriette S. Ognedal (vara 5.trinn), Hildegunn Gjedrem (2.trinn), Helen Helland (7.trinn), Svanhild Gjedrem (6.trinn), Rune Fjetland (4.trinn), Anita Tengesdal (2. og 5.trinn) og Karen Monge Ollestad (rektor)

Forfall: Morten T. Gjedrem (FAU-leiar)

Sak nr	Sak	Ansvar
1	Godkjenning av innkalling og referat <ul style="list-style-type: none">innkallinger må komme tidlegare enn få dagar før møtet, elles alt godkjent	FAU-leder
2	Informasjon frå rektor <ul style="list-style-type: none">Frå SU/SMU: elevrepresentantane ønsker meir aktivitetstilbod på Bjerkreim på ettermiddagstid. Usikker på om dei meiner regelmessig eller eit arrangement. FAU har sendt forespørsel til Polen-tur komite for 2009-kullet for å sjå om dei vil laga eit diskotek/aktivitetskveld for elevar frå 4.-7.trinn, gjerne på begge skular. Ev. kan klassar på 5.-7.trinn ha ansvar for ein kveld kvar pr. skuleår? Klassekontaktar tek dette med tilbake til klassane, og svarer neste FAU møte i januar.Info om elev- og foreldreundersøkinga på 7.trinn. FAU ønsker spørsmål om SFO lagt til undersøkinga, elles som ho står. Klassekontaktar vil minne føresette på undersøkinga når ho er sett i gang.Info budsjett. I forslaget frå administrasjonen er det lagt inn auke av adm. ressurs på skulen med 30%, oppgradering av spesialrom, og midler til vidare bygging på leikeområdet under LMT. Det er ikkje lagt inn midler til sosiallærer, sykkelstativ eller gapahuk som det vart bedt om.	Rektor
4	Saker frå klassane: <ul style="list-style-type: none">Spørsmål om utvida opningstid i basseng. Rektor tek dette med til vurdering når bassenget er oppgradert til å tola utvida bruk. Det ligg midler til dette i 2025.Spørsmål knytt til overgang v/butikken. Spørsmålet har vore oppe før, kommunen har fått avslag. Rektor sender spm. ein gong til.Støtte til å leige gymsal. FAU ønsker å minna om at det er lov å leige gymsal på begge skular til f.eks. bursdagsfeiring. Det er og mogleg å søke midler frå frivilligheitskoordinator for å dekke utgifter til leige.“Snap-chat avtale”? FAU er positive til å laga avtale for sosiale medier for 4.trinnselevar slik dei no gjer på andre skular. Avtalen går ut på at alle elevar ventar med å bruka sosialøe medier til eit gitt tidspunkt, f.eks. enten 13 år eller når dei startar på ungdomsskulen. Saka blir sendt og til FAU på Vikeså skule for å sjå om det kan lagast felles kommunalt arrangement. FAU vil kontakta folkehelsekoordinator for å sjå om det er midler å hente til ei belønning for dei klassane som held avtalen.	FAU
	FAU SAKER UTEN REKTOR	
	Alle saker vart diskutert med rektor til stades.	